



# Ulstein kommune

## Politisk sekretariat

Kommunal- og regionaldepartementet  
Att. sak 11/2823  
Postboks 8129 Dep  
0032 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/344	8360/2012	MHA	07.09.2012

### HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING AV VALLOVA.

Ulstein kommune viser til Dykkar høyringsbrev datert 04.05.2012 og e-post datert 23.08.2012 om utsett frist.

Høyringa med forslag til endring i vallov og forskrift vart lagt fram som melding til Ulstein formannskap 26.06.2012. Meldinga vart teke til vitande utan uttale i saka.

Etter ny uttalefrist vel Ulstein å kome med følgjande administrative kommentarar:

#### Manntal:

Staten har ansvaret for manntalet og kommunane får tilgang til eit førebels manntal frå 2. januar for å kunne utføre arbeidet med krinsinndeling og listeforslag.


#### Førehandsrøysting:

Den nye rutinen høver betre med elektronisk avkryssing i manntalet. Det blir sikrare for veljarane og stemmer meir med prinsippet om hemmeleg val. Ein viktig faktor er at prosedyrane for førehandsrøysting og valtingsrøysting vert mest mogleg like. At to røystemottakarar skal vere tilstades er ein naturleg konsekvens.

#### Røystesetlar:

Det er viktig at utforminga av røystesetlen vert standardisert, slik at skanningfunksjonen i det nye valadministrative systemet (EVA) skal fungere etter intensjonane.

Med helsing

  
Marianne Hatløy  
politisk sekretær